

Saksbehandlar: Eva Hamre, Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 14/3254-34

Takstar og rabattar for rutedrifta 2015

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Takstane for buss vert auka med 3 % i 2015
- 2 Minstetaksten på buss vert auka til 15 kr
- 3 Takstane for båt vert auka med 3 % i 2015
- 4 Prisen på ungdomskort vert auka til 400 kr i 2015
- 5 Takstane for fylkesvegferjene vert auka med 4,1 % i 2015
- 6 Fylkesrådmannen får fullmakt til å fastsetje endelege takstar og rabattar for buss og båt.

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn

Hovudutvalet for samferdsle fastset takstar og rabattar i same møte som utvalet behandlar budsjettframlegget for komande år.

Historikk – tidleg vedtak

Takstane og prisen på ungdomskort har hatt følgjande endring sidan 2010:

Dato	Buss	Båt	Ungdomskort
1.1.10	+ 3 %	+ 3 %	350 kr
1.1.11	+ 3 %	+ 3 %	350 kr
1.1.12	+ 0 %	+ 3 %	350 kr
1.1.13	+ 4 %	+ 3 %	370 kr
1.1.14	+ 3 %	+ 3 %	370 kr
1.1.15	+ 3 %	+ 3 %	400 kr

Minstetaksten på buss, som no er på 14 kr, har vore uendra sidan 1.1.2012.

Andre opplysningar

I avtalane mellom fylkeskommunen og rutebilselskapa og mellom Norled og fylkeskommunen står det slik om passasjerinntekter:

Passasjerinntektene står fast gjennom kontraktperioden, men vert endra slik i høve til den årlege takstendringa som fylkeskommunen vedtek:

- Takstauke 0 - 3% gjev samla inntektsverknad 100%.
- Takstauke 3,1 - 6% gjev ein inntektsverknad i intervallet på 60%.

I framlegget sitt til statsbudsjett har regjeringa for 2015 ikkje føreslege å auke satsen for meirverdiavgift på persontransport.

For riksvegferjene er det lagt til grunn ein takstauke på gjennomsnittlig 4,1 % frå 01.01.2015, inkludert 0,8 % for å dekke reduserte inntekter som følgje av auka rabattsats på Storbrukarkort.

Det har vore vanleg at fylkesvegferjene følgjer takstauken i riksvegferjeregulativet.

Konsumprisindeksen auka med 2,1 % i høve til same periode i fjor.

Takstane skal gjelde frå 01.01.2015.

Dersom det vert gjort endringar under budsjetthandsaminga i fylkestinget som kan ha konsekvensar for takstane, får fylkesrådmannen fullmakt til å fastsetje dei endelege takstane.